

AUSTEVOLL KOMMUNE
Birkelandsvegen 2
5392 STOREBØ

Vår dato: 24.03.2025
Vår ref.: 202504746-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2024/1422

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE sin uttale - Spørsmål om uttale til skredfarevurdering - Reguleringsendring etter forenkla prosess - Detaljreguleringsplan for Taushaugen Søndre Drivenes - Gnr. 66 bnr. 2 mfl. - Austevoll kommune - Vestland

Vi viser til brev datert 17.02.2025. Saka gjeld detaljreguleringsplan for Taushaugen Søndre Drivenes. De skriv at kommunen har motteke planmateriale til oppstart og offentlig ettersyn av reguleringsendring etter forenkla prosess, og ber NVE om uttale for skredfarevurdering før de tek saka til behandling.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde stork (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin uttale

Skredfarevurderinga de har sendt over er utarbeidd av SWECO og er datert 17.09.2020. I oversendingsbrevet skriv de at planendringa inneber at bustadføremål blir flytta til omsynssone for skred.

Sweco sin skredfarerapport avklarar tryggleik mot skred for tiltak i tryggleiksklasse S1, jf. skjema på side 4. Bustadføremål i planen, slik det er definert i føresegnene, høyrer til tryggleiksklasse S2. Skredfarerapporten inneheld ikkje faresonekart. Skredfarerapporten sitt undersøkte område, jf. fig.1, ser ikkje ut til å omfatte arealet frå plankartet som er klipt inn i oversendingsbrevet. Skredfarerapporten kan ikkje nyttast som dokumentasjon av skredfare for bustadbygging i planområdet.



Når dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik ikkje ligg føre, kan ikkje kommunen gjere vedtak om endring av reguleringsplan etter forenkla prosess fordi kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 ikkje er oppfylt. NVE rår Austevoll kommune til å sikre at fare for skred blir avklara før eventuelt vedtak om planendring.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Meld inn naturfareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

AUSTEVOLL KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND